



«MOTTAKERNAVN»

«ADRESSE»

«POSTNR» «POSTSTED»

Dato: 11.11.2016

Vår ref.: 2014/11005-7

Saksbehandlar: erlhofs

Dykkar ref.: «REF»

«KONTAKT»

MIL Veteranstasjon, Lars Hilles gate 27 i Bergen. Fredingsforslag til høyring og offentleg ettersyn

I medhald av lov om kulturminne § 15 jf. § 22 har Hordaland fylkeskommune utarbeidd eit forslag til freding av MIL Veteranstasjon, Lars Hilles gate 27 i Bergen. Fredingsforslaget vert med dette sendt på høyring til partane i saka. Forslaget vert òg lagt ut til offentleg ettersyn i Hordaland fylkeskommunes lokale og på fylkeskommunen sine nettsider www.hordaland.no. Dette vert kunngjort i avisene Bergens Tidende, Bergensavisen og Norsk lysingsblad.

Me vil i høyringsrunda retta særleg merksemd mot spørsmålet om freding av tilkomstvegen frå Nygårdsgaten til verkstaden under bensinstasjonen. Vegen vert foreslått freda etter § 19. Fylkeskommunen ser det som viktig at tilkomsten for køyretil til verkstadlokalet i underetasjen på bensinstasjonen vert oppretthalde, både for å gjera den opphavlege funksjonen som bilverkstad forståeleg, og for å sikra at aktivitetar knytt til veteranbilar framleis kan gå føre seg her. Tilkomsten vert sikra gjennom ei tinglyst erklæring frå 1927 om at innkjørsla frå Nygårdsgaten skal haldast open, men at Nygårdsgaten 92 (gbnr. 164/859) kan byggjast ut over passasjen heilt ut til eigedomsgrensen. Tidlegare eigar av 164/859 har argumentert med at den vegretten er sikra gjennom tinglyste klausular, og at freding av innkjørsla ikkje er naudsynt. Men i eit tidlegare forslag til utbygging av denne eigedomen var vegretten tenkt løyst med indirekte tilkomst gjennom parkeringskjellaren i eit nybygg. Denne løysinga, trong og med krappe svingar, ville vore vanskeleg og tildels umogleg å forsera for mange veteranbilar, og demonstrerer at vegretten i seg sjølv kan tolkast på ein måte som er lite gunstig for bensinstasjonen.

Ytterlegare eit tilhøve ligg bak forslaget om å inkludera tilkomstvegen i fredinga. Bensinstasjonen er bygd heilt ut til eigedomsgrensen. Baksida mot vest er arkitektonisk utforma og har vindauge som gir lys til dei små romma i bakkant av butikklokalet. Av omsyn til opplevinga av bensinstasjonen – både eksteriøret på baksida og av interiøra – er det vurdert som naudsynt å sikra ein liten lysgard på den delen av 164/859 som ligg nærest vestveggen til bensinstasjonen, svarande til austenden av innkjørsla. Me vil elles peika på at nabotomtane har direkte fordelar av at bensinstasjonen vert frede, sidan dette gir dei langt betre lystilhøve enn om bensinstasjonstomta vart fullt utbygd.

Vi ber om at eventuelle merknader til fredingsforslaget, som vil følgje saka fram til endeleg avgjerd, vert merka med saksnr. 2014/11005 og sende innan seks veker frå dette brevet er motteke til Hordaland fylkeskommune, Postboks 7900, 5020 Bergen, eller på e-post til hfk@hfk.no.

Med helsing

Per Morten Ekerhovd
kst. fylkesdirektør kultur og idrett

David Aasen Sandved
kst. fylkeskonservator

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Kopi til:
MUSEUMSGRUPPEN MIL BERGEN
RIKSANTIKVAREN

Vedlegg

- 1 Fredningsforslag
- 2 Kulturminnedokumentasjon